



HALVÅRSPLAN HAUSTEN 2026



Helstad Barnehage

Felleskap og nye opplevingar er vårt fokus



Dalevegen 681 , 6200 Stranda

KVA ER EIN HALVÅRSPLAN?

Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har. På bakgrunn av rammeplanen utarbeidar vi ein halvårsplan som skal spegle dei ulike fagområda frå Rammeplanen 2017. Dette gjer vi gjennom bruk av tema, mål og metodar. Når halvårsplanen er laga er det den vi tek utgangspunkt i når vi skriv vekeplanar.

KVA ER RAMMEPLANEN ?

Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Målet med rammeplanen er å gi styraren, dei pedagogiske leiarane og personalet elles ei forplikta ramme for å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til barnehagen. For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod er innhaldet delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring.

Fagområda er i rammeplan er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn





Veke	TEMA
32-35	Vennskap og Inkludering
36-39	Brannvern og andre utrykkingskøyretøy
40-46	Dyra i Hakkebakkeskogen
47-52	Jul
1-4	Dyra i Hakkebakkeskogen



Nærmiljøet vårt

Gjennom heile barnehageåret har vi nærmiljøet vårt i fokus. Dette er noko som gjer Helstad barnehage unik, og som er viktig for oss å ta vare på og vidareføre.

Vi er omringa av gardar, skog og fjell, og har naturen tett på oss kvar dag. Rundt oss møter vi både husdyr og ville dyr. På gardane finn vi geiter, kyr, sauer, høner og hestar, som alltid er kjekt å sjå – og av og til får vi også helse på og klappe dei. I skogen rundt barnehagen er det eit rikt dyreliv, og er vi heldige, kan vi få auge på både rev og hjort som tuslar forbi barnehagen.



Store maskiner som gravemaskiner, traktorar og andre køyretøy er også ei stor interesse for mange av barna. I nærmiljøet får dei oppleve desse på nært hald og følge med på arbeidet som blir gjort.

Det er og spennande å følge med på ulike køyretøy som køyrer forbi barnehagen.

Opplevingane vi får ute, tek vi med oss inn att i barnehagen. Dei blir ein naturleg del av samlingsstunder, samtalar, lek og andre aktivitetar gjennom dagen.

I kvardagen går vi på turar til ulike skogsområder, til gardane i nærmiljøet og sjølvstilt til Lempen. Gardsbesøk og det å gi barna nærleik til dyr og natur er noko vi set høgt, og som gir verdifulle opplevingar, læring og glede.

Hakkebakkeskogen

Sidan vi ser at interessa for dyra i Hakkebakkeskogen er stor, vel vi å vidareføre dette temaet gjennom hausten og vinteren. No vil vi rette meir merksemd mot dei delane av boka som vi har vore mindre innom tidlegare.


Vi ønska å gå meir i djupna på dei ulike dyra og samtale om kvar dei bur, kva dei et, og korleis dei lever. Vi vil og lese og utforske andre eventyr og forteljingar som handlar om dei ulike dyra, slik at barna får utvida kunnskap og nye opplevingar knytte til temaet.

I løpet av hausten startar vi også opp eit nytt utviklingsarbeid der vi fokusera på språk og leseaktivitetar. Vi tenker dette passar godt saman med temaet vårt om dyra i Hakkebakkeskogen, og ser fram til å knyte arbeidet opp mot lek, undring, utforsking og gode samtalar.

Tema: Vennskap og inkludering

Lov for dyra i Hakkebakkeskogen:

1. Alle dyra i skogen må vere venner.
2. Ingen får lov å ete kvarandre.
3. Den som er doven(lat) og ikkje finn mat sjølv, må ikkje ta mat frå andre.

					Vere gode rollemodellar for dei yngre barna.
				Fremje barna sin sosiale kompetanse.	Fremje barna sin sosiale kompetanse.
		Utvikle respekt og empati for kvarandre.	Utvikle respekt og empati for kvarandre.	Utvikle respekt og empati for kvarandre.	Utvikle respekt og empati for kvarandre.
		Erfare og vere viktig for fellesskapet i barnehagen.	Erfare og vere viktig for fellesskapet i barnehagen.	Erfare og vere viktig for fellesskapet i barnehagen.	Erfare og vere viktig for fellesskapet i barnehagen.
		At barna blir trygg på kvarandre og på dei vaksne.	At barna blir trygg på kvarandre og på dei vaksne.	At barna blir trygg på kvarandre og på dei vaksne.	At barna blir trygg på kvarandre og på dei vaksne.
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metode

Raudrevane

- Leikegrupper: inne og ute.
- Turar i nærområdet.
- Bøker og forteljingar om vennskap.
- Song og musikk.
- Formingsaktivitetar.
- Samling om ulike vennskap knytt til Thorbjørn Egner sine forteljingar.
- Alle nye barn skal få lage eigne hus av familien sin.


Blårevane

- Bøker knytt til vennskap.
- Formingsaktivitetar.
- Mitt val (pedagogisk opplegg).
- Leikegrupper.
- Song og musikk.
- Formingsaktivitetar.
- Samling om Kardemomme og Hakkebakkeskogenloven.
- Alle nye barn skal få lage eigne hus av familien sin.

«Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler «
(Rammeplanen, 2017, s.11).

Tema: Brannvern og andre uttrykningskjøretøy

Kvart år i veke 38 er den årlege brannvernsveka. Formålet med dette er å auke bevisstheita om brannvern. Under dette temaet nyttar vi oss av brannbamsen Bjørnis, som er ei nasjonal satsing knytt til brannvernsopplæring i barnehagen. Bjørnis gir omsorg og tryggleik til barn ved brann og andre ulykker, og gir gode råd om brannvern til både små og store. I tillegg vil vi ha fokus på politi og ambulanse og kva dei kan hjelpe oss med.

					Ta vare på Bjørnis, og vere brannkonstablar i eigen heim.
				Snakke med barna om korleis brann kan oppstå heime og i barnehagen.	Snakke med barna om korleis brann kan oppstå heime og i barnehagen.
			Få kjennskap til nødnummera	Få kjennskap til nødnummera	Få kjennskap til nødnummera
		Få kjennskap til Brannbil, Ambulanse og Politibil	Få kjennskap til Brannbil, Ambulanse og Politibil	Få kjennskap til Brannbil, Ambulanse og Politibil	Få kjennskap til Brannbil, Ambulanse og Politibil
	Få kjennskap til Brannbamsen Bjørnis og brannkonstabel	Bli kjent med Brannbamsen Bjørnis og brannkonstabel	Bli kjent med Brannbamsen Bjørnis og brannkonstabel	Bli kjent med Brannbamsen Bjørnis og brannkonstabel	Bli kjent med Brannbamsen Bjørnis og brannkonstabel
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metode

Raudrevane

- Vi nyttar oss av opplegget knytt til Brannbamsen Bjørnis.
- Turar i nærmiljøet og turbingo.
- Songar og filmsnuttar med fokus på tema.
- Besøk av brannbil og ha brannøving.
- Bøker og forteljingar knytt til brannvern, ambulanse og politi.
- Forming og rolleleik med temaet i fokus.
- Slokke med brannslange ute.

Blårevane


- Vi følgjer opplegget om Brannbamsen Bjørnis.
- Turar i nærmiljøet og brannbingo.
- Songar og filmsnuttar med fokus på tema.
- Besøk av brannbil og ha brannøving.
- Samtalar med barna om tema Brannvern.
- Forming og rolleleik med tema i fokus.
- Rolleleik med tema i fokus og slokke «brann» med brannslange ute.
- Bli kjent med Henry.
- Bøker og forteljingar knytt til brannvern, ambulanse og politi.

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling (Rammeplanen, 2017, s.22).

Dyra i Hakkebakkeskogen

Vi bygg vidare på temaet frå sist barnehageår då vi ser at dette fenga barna. Vi vil fokusere på andre deler av boka, og fokusere meir på dei ulike dyra. Dyra vi møter i Hakkebakkeskogen er Elg, Rev, Mus, Pinnsvin, Bjørn, Fugl, Ekorn, Ugle og Hare. På garden bor der en Hond og ei stabbursmus som vi også vil bli kjent med.



				Kjenne på meistring og samhald gjennom å planlegge eit lite teater stykke ilag.	
			Erfare vennskapet og fellesskapet i Hakkebakkeskogen	Erfare vennskapet og fellesskapet i Hakkebakkeskogen	
		Få kjennskap til kvar dei ulike dyra bor og lev av under dei ulike årstidene	Få kjennskap til kvar dei ulike dyra bor og lev av under dei ulike årstidene	Få kjennskap til kvar dei ulike dyra bor og lev av under dei ulike årstidene	
	Verte kjend med deler av historia og songane i Hakkebakkeskogen	Verte kjend med deler av historia og songane i Hakkebakkeskogen	Verte kjend med deler av historia og songane i Hakkebakkeskogen	Verte kjend med deler av historia og songane i Hakkebakkeskogen	
	Få kjennskap til dyra mus, rev, bjørn, ugle, ekorn, pinnsvin, hare, elg og fugl.	Få kjennskap til dyra mus, rev, bjørn, ugle, ekorn, pinnsvin, hare, elg og fugl.	Få kjennskap til dyra mus, rev, bjørn, ugle, ekorn, pinnsvin, hare, elg og fugl.	Få kjennskap til dyra mus, rev, bjørn, ugle, ekorn, pinnsvin, hare, elg og fugl.	
	Få kjennskap til dyra mus, rev, bjørn, ugle, ekorn, pinnsvin, hare, elg og fugl.	Få kjennskap til dyra mus, rev, bjørn, ugle, ekorn, pinnsvin, hare, elg og fugl.	Få kjennskap til dyra mus, rev, bjørn, ugle, ekorn, pinnsvin, hare, elg og fugl.	Få kjennskap til dyra mus, rev, bjørn, ugle, ekorn, pinnsvin, hare, elg og fugl.	
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metode


Raudrevane	Blårevane
• Bilete og plansjar. • Deler av boka om Hakkebakkeskogen. • Songar og Musikkksamling. • Dukketeater. • Forming. • Turar i nærmiljøet. • Bøker og eventyr tilpassa dei ulike dyra. • Matlaging.	• Bilete og Plansjar. • Deler av boka om Hakkebakkeskogen og lydbok. • Instrument og song. • Samling med fokus på dei ulike dyra i eventyret. • Rolleleik, dukketeater og dramatisering. • Turar i skogen og matlaging. • Bøker og eventyr tilpassa dei ulike dyra. • Bildekort om vennskap og følelsar.

«I barnehagen skal alle barn kunne erfare å være viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.» (Rammeplanen , 2017 s. 22-23).

Tema: Jul

I desember fokuserer vi ekstra på dei grunnleggjande verdiane i kristen og humanistisk arv og tradisjon oppimot norsk juletradisjon. Målet for desember er å skape samhold igjennom ulike juleaktivitetar.

Vi fokusera på song, musikk, forteljing og ulike opplevingar vi gjer oss ilag.

			Oppleve spenning og glede ved å dramatisere ei juleforteljing.		
			Barna skal få kjennskap til grunnleggjande verdier i kristen, humanistisk arv og tradisjon.	Barna skal få kjennskap til grunnleggjande verdier i kristen, humanistisk arv og tradisjon.	
			Skape forventning og glede til julefeiring og juletradisjonar.	Skape forventning og glede til julefeiring og juletradisjonar.	Skape forventning og glede til julefeiring og juletradisjonar.
	Gi barna felles opplevingar rundt juletradisjonane: adventsamling, Lucia-tog og julesongar.		Gi barna felles opplevingar rundt juletradisjonane: adventsamling, Lucia-tog og julesongar.	Gi barna felles opplevingar rundt juletradisjonane: adventsamling, Lucia-tog og julesongar.	Gi barna felles opplevingar rundt juletradisjonane: adventsamling, Lucia-tog og julesongar.
	Få kjennskap til julenissen, advent-stjerne og snø.	Få kjennskap til julenissen, advent-stjerne og snø.	Få kjennskap til julenissen, advent-stjerne og snø.	Få kjennskap til julenissen, advent-stjerne og snø.	Få kjennskap til julenissen, advent-stjerne og snø.
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Raudrevane	Blårevane
- Bøker, forteljingar og songar knyt til jul og julefeiring. - Formingsaktivitetar: lage julegåver og julepynt. - Julebord og Nissefest. - Turar i nærmiljøet, besøke nissen? - Nedteljing til jul: Adventskalender. - Sanseopplevingar knyt til tema. - Vi syng peparkakebaksangen og baka peparkaker.	- Lese bøker som omhandlar jul og juletradisjon, og sjå ein julefilm. - Formingsaktivitetar; lage julegåver og julepynt. - Fortelje juleevangeliet, synge julesongar og telle ned til jul med adventskalender. - Reise i kyrkja å få oppleve juleevangeliet. - Julebord og Nissefest. - Gå på tur i nærområde og legge ut graut til nissen. - Vi syng peparkakebaksangen og baka peparkaker.

“Gjennom arbeidet med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, og bli kjend med religionar og livssyn som er representert i barnehagen” (Rammeplanen, 2017, s. 54).

SPRÅKMILJØ I BARNEHAGEN

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.

Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling (Rammeplanen, 2017 s.23).

Aktivitetar som styrkar barns språkutvikling:

- Gode samtaler.
- Rim og regler, dikt og song.
- Forteljing , høgtlesing og dialogisk lesing.
- Leik.
- Utforsking av skriftspråket.



Språkmiljø:

Språkmiljøet i barnehagen er avhengig av eit kompetent personale, med gode haldningar og som har interesse for språkutvikling til kvar einskild barn.

Kva kjenneteikne eit godt språkmiljø?


- Å lytte med merksemd og interesse.
- Invitere barna med i samtale med opne spørsmål.
- Oppmuntre barna til å delta og lytte til andre under lesestund.
- Ha bilete/symbol lett tilgjengeleg på avdelinga og i løpet av barnehage kvardagen.

ASK :

Å kommunisere på andre måtar enn gjennom talespråk kallast alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). I barnehagekvardagen brukar vi ASK som ei støtte til språket for alle barna i barnehagen. Barnet får presentert ordet visuelt ved at ein brukar og har bilete/symbol tilgjengeleg gjennom barnehagekvardagen, og den vaksne formidlar ordet verbalt. Barnet får moglegheit til å formidle ved hjelp av peiking på bilete/symbolet, dette kan bidra til mindre frustrasjon i kvardagen. Vi bruker blant anna spisebrikker med symbol, dagtavle , sneller og bilder i garderoben til alle barna.



Personalet går rundt med «sneller» med bilder på.



«Dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn.» (Rammeplan, 2017, s.27).

VENNSKAP OG FELLESSKAP

«Foreldre og voksne er de viktigaste personane for å bidra til inkludering blant barna, bygge vennskap og dermed stoppe mobbing.» (Reddbarna.no).



«Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og voksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov» (Rammeplanen 2017 s. 22-23).

I vår barnehage skal barna få oppleve og vere ein del av eit fellesskap, der vennskap og sosiale relasjonar står i høgsete. For å få eit godt miljø i barnehagen er det viktig at barna lærer seg å ta imot beskjeder og lytte. Vi skal legge til rette slik at dei øver seg på å lytte til dei voksne, men like viktig er det å lytte til kvarandre. Dette kan blant anna bidra til å redusere mobbing (Mitt Val s. 60). Vi i barnehagen er opptatt av å sjå kvar enkelt, å bidra til at barna får ein forståing av kva det vil seie å vere ein god venn. Vi skal legge til rette for at dei lære seg å akseptere kvarandre, vise empati og gi dei ei forståing for at alle er forskjellige, men like viktige. I Helstad barnehage har vi som mål at ingen skal føle seg aleine eller satt til side.



«Foreldre er barnas viktigaste rollemodell. Korleis vi snakka saman heime, er med på å forme barnas oppfatning av kva som er greitt og ikkje greitt. Forsøk å spørje og gå djupare for å forstå kva som eigentleg har skjedd. Ikkje snakk negativt om andre barn eller om foreldra deira.»

<https://www.reddbarna.no/vart-arbeid/barn-i-norge/foreldretips/foreldretips-om-vennskap/>

LEIKEN

Barn leika fordi det er artig, og leikens verden er for barnets egen verden, med sin heilt spesielle verdi!

Gjennom leiken oppnår barn humor og glede, sosiale tilknytningar og relasjonar til andre barn. Dei utviklar vennskap og har moglegheit for ei rik arena for utprøving av følelsar og tenking. (Lillemyr, 2001)



Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.

Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling, der vi i barnehagen skal inspirere og gi rom for ulike typar leik, både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Personalet i barnehagen skal vere med på å fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede i leik (Rammeplanen, 2017, s. 20).



- Leiken er lystbetont, frivillig, spontan og ikkje målretta.
- Leik er for barnet "på liksom", den ligg utanfor den verkelege verda.
- Leik inneber spenning.
- Leik er førebuing til vaksen alder.
- Gjennom leik skaffar barn seg erfaringar og gjer seg kjent med omgivnadane.
- Leiken er med på å styrke barnas psykiske og fysiske helse

Barn i barnehagen skal i følgje Rammeplanen oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Dei skal få oppleve, vurdere og meistre risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar.

Personalet i barnehagen skal gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet. Igjennom dette skal barna få vidareutviklar motoriske ferdigheiter, kropps kontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar. (Rammeplanen, 2017, s. 49-50).

Ulike typar leik:

Leik er ein typisk veremåte for barn, og er ein aktivitet som engasjera og motivera barn. Leik kan stimulere til utvikling, både motorisk, sosialt, og emosjonelt. (Lillemyr, 2001)

- **Sansemotorisk leik/ funksjonsleik, frå 0 år.** – barn gjentek handlingar fordi dei lika sjølve funksjonen
- **Rørsleleik/ tumleleik, frå ca. 1 år.** – Fysisk leik der barna utforskar kroppen
- **Samleik/ parallelleik, frå ca. 1,5 år.** – Barn leika saman, kommunisera og samhandlar med kvarandre
- **Symbolleik, frå ca. 2 år - 4 år.** – Leiker / gjenstandar får ei ny betydning
- **Regelleik, frå ca. 3 år.** – Reglar er sentrale i leiken
- **Rolleleik & fantasileik, frå ca. 3 år.** – barn går inn og utforskar leiken på en ny måte, dei latar som og bruker fantasien for å gå inn i ulike roller, gjerne i ein oppdikta verden
- **Konstruksjonsleik, frå ca. 3 år.** – Eksperimentering med gjenstandar, bygging med klossar mm.
- **Risikofylt leik , frå ca 1.år :** Barna testar og utfordrar grensene sine, og for å kjenne på meistring.
leiken inneber ofte klatring , leik med reiskap , høg fart og fysisk utfordrande aktivitetar



Gjennom leik lærer barnet seg sjølv å kjenne, og utviklar tillit og respekt i forhold til seg sjølv og kva det er i stand til å mestre av utfordringar.

